

Gudsteneste for store og små



Hemsedal kyrkje 16. oktober 2022

Preiketekst: **Apg. 2,1-4**

Liturg: **Ingrid**

Trusopplærer: **Britt Marie**

Organist: **Anna**

Medliturg: **Knut**

Kyrkjetenar: **Wilfried**

Kyrkjevert: **Hilde**

Dåp: **JA** –

Nattverd: **NEI**

Takkoffer til: **Nepal Misjonsprosjekt Normisjon –  
samlast inn i benkene av to festivaldeltakere**

Powerpoint

## SALMER

Inngangssalme m/kor: **Hevenu shalom alechem**

Kor: **Gud skapte lyset og livet og meg**

Dåpssalme: **586 Fylt av glede**

Salme etter preika: **539 Dine løfter er mange**

Salme under forbøn: **731 Eg faldar mine hender små**

Sluttsalme: **520 Gå gjennom byens lange rette gater**

## OPPGAVER til festivaldeltakarane

Prosesjon:

Kors:

Bibel:

Dåpsfat:

Dåpskanne:

Offerskål:

Blomster:

Lys:

Samlingsbøn:

Tekstlesing under dåp (dåpsbefalinga):

Helle vatn i døypefonten:

Forbøn:

Samle inn takkoffer:

Holde ut armer under velsignelsen:

## SAMLING

---

### INFORMASJONS

**Knut:** Velkommen til gudstjeneste for små og store!

Denne helga har vi hatt lys og liv-festival her i kyrkja for alle i 3.-6.klasse 😊 Nokon 7.klassingar har vore med som hjelpeleiarar. Tema for helga har vore «eld» og i går var barna med på mange aktiviteter og opplegg både inne og ute. Nokon har til og med overnatta i kyrkja i natt!

Vi skal også feire dåp her i dag, for xxxxx og xxxx. Gratulerer til foreldre, faddere og familie!

Takkofferet i dag går til Nepal misjonsprosjekt Normisjon og vert samla inn i benkene eller ein kan gje si gåve på Vipps. Nummeret kjem til å stå på skjermen.

Etter gudstensta blir det kyrkjekakao 😊

Neste gudstjeneste blir 30.oktober kl.11.

Lat oss vere stille for Gud.

### 3 KLOKESLAG

### PRELUDIUM M/INNGANSPROSESJON

*Med festivaldeltakere og dåpsfølgjene*

**INNGANGSSALME** (kor/kyrkjelyd): *Hevenu shalom alechem*

**KOR:** *Gud skapte lyset og livet og meg*

### INNGANGSORD

**Ingrid:** I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande:  
Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

**VELKOMSTORD** v/ Ingrid og **Britt Marie**

### SAMLINGSBØN

**Ingrid:** Lat oss be

**Festivaldeltaker:** Takk Gud for at vi får vere saman for ditt andlet, i din kjærleik. Store - små, for å be og dele med kvarandre. I di kyrkje.  
Amen.

### SYNDSBEKJENNELSE

**Ingrid:** I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.

*Stilt ei kort stund*

**Alle:** Gud, du kjenner og elsker oss alle.  
Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda.  
Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.  
Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.

**BØNEROP:** *Kyrie (Soul Children)*

**LOVSONG:** *Gloria (Soul Children)*

# DÅP

## INNGANGSORD

**L** I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

## MOTTAKING TIL DÅP

**L** Med takk og glede kjem vi i dag med *Johanne og Max* til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Joh3,16

## BIBELORD

**L** Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for oss:

**Nokon frå dåpsfølge (Max) les:** Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. (Mark 10,13-16)

## TAKKEBØN

**L** Lat oss takka og be:

**Nokon frå dåpsfølge (Johanne) les:** Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever, og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for *NN* og *NM* som i dag skal bli døypt. *Dei* er dyrebar i dine auge.

Ver hos *dei* med din kjærleik og gje *dei* ein heim i di kyrkje.  
Amen.

## DÅPSBEFALINGA

**L** Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåpen:  
**Festivaldeltakar?:** Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. (Matt 28,18-20)

## FADDERANSVARET

**L** Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De skal vera vitne om at *Johanne og Max* er døypte med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for *dei*, be for *dei*, læra *dei sjølve* å be og hjelpa *dei* til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så *dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

## FORSAKINGA OG TRUA

**L** Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til.

*Alle reiser seg.*

**A** Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,

som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den heilage ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
fór ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,  
skal koma att derifrå  
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen og evig liv.  
Amen.

## DÅPSVATNETE HELLES I DØYPEFONTEN

### BØN VED DØYPEFONTEN

**L** Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådekjelde, der du tilgjev oss vår synd, frelsar oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så *dei* som blir døypte, blir reist opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

## DÅPSHANDLINGA

**L** Kva heiter barnet?

*Den som ber barnet, seier fornamnet på barnet.*

**L** Vil de at *Johanne* og *Max* skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

*Den som ber barnet, foreldra/dei føresette og fadrane svarar:*

Ja.

*Liturgen vender seg mot andletet til barnet/dåpskandidaten og bed bønna med open handflate.*

**L** Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket ✠ til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

**L** *Johanne* og *Max*, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

*Medan dette blir sagt, auser liturgen med handa rikeleg med vatn over hovudet til den som blir døypt, tre gonger.*

**L** Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet.

Fred vere med deg.

*Ein vender barnet mot kyrkjelyden og kan lyfta det opp. Ein seier følgjande ord:*

Dette er *Johanne* og *Max*, Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.

## DÅPSLYSET

**L** Eit lys er tend for *Johanne og Max*

*Når dåpslyset er tend, seier liturgen:*

**L** Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Joh 8,12

## BØN

Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen, der du tek oss imot og kallar oss ved namn. Vi bed for dei som er døypte i dag. Ver med dei gjennom livet og vara dei i dåpens nåde. Styrk foreldra og faddrane i deira oppgåve. Gud, høyr vår bøn.

## HERRENS BØN

**L** Lat oss be den bøna som Jesus har lært oss:

**A** Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldningar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## LOVPRISNING

**L** Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. 1 Pet

**DÅPSSALME:** 586 Fylt av glede

## ORDET

---

**DRAMATISERING** v/festivaldeltakarar og **Britt Marie**  
**les** - Anden blir gitt på pinsedagen **Apg 2.1-4**

**AKTUALISERING** v/Ingrid

**SALME:** 539 *Dine løfter er mange*

## FORBØN

---

**FORBØN** v/**Britt Marie** og festivaldeltakarar

Far i himmelen.

Takk for at du skapte oss, og takk for at du skapte jorda vi bur på. Takk for at du kjenner oss og elsker oss. Hjelp oss til å ta vare på kvarandre og alt det du har skapt.

**Salme 731 1.vers:** Eg faldar mine hender små...

Kjære Jesus,

Du fann vener du kunne gleda deg saman med og gråta hos. Takk for evna vår til venskap. Hjelp oss å vere tilstades for kvarandre. Lat alle menneske finna nokon dei kan stola på.

**Salme 731 2.vers:** Vern alle med di sterke hand...

Gode Heilage ande!

Takk for at du er vår hjelper! Vi ber for alle som har det vondt, for dei som sultar og er i krig, for dei som har mistet nokon dei er glade i. Gud vi ber deg, tenn din eld i oss, slik at vi kan kjenne din kjærleik og varme. Det ber vi deg om, i Jesu navn. Amen!

**Salme 731 3.vers:** Lat ikkje krig og svolt og sott...

**TAKKOFFER – musikk under innsamling i benkane  
v/festivaldeltakarar**

**TAKKEBØN** (festivaldeltakar held takkofferet)

**L** Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig, høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

**SENDING**

---

**SALME: 520** Gå gjennom byens lange rette gater

**VELSINGINGA m/festivaldeltakarar**

**L** Ta imot Herrens velsigninga  
Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

**POSTLUDIUM: Kor**

**L** Gå i fred. Ten Herren med glede!

**VELKOMMEN TIL KYRKJEKAKAO** ☺